

Protokoll frå telefonmøte i styret for Språkrådet 17. desember 2007

Til stades: Jan Olav Fretland, Tor Fuglevik, Ottar Grepstad, Marit Hovdenak, Silje Solheim Karlsen, Helene Uri (møter for Aasland, som har gått ut av styret) og Magni Øvrebotten (fungerande leiar)

Frå sekretariatet: Sylfest Lomheim (direktør)

Møteleiar: Øvrebotten

Referent: Lomheim

Møtetid: Kl. 14.00–14.30

Sakliste:

Vedtakssaker

- S 11.1/07 Sak unnateken offentlig innsyn etter § 13 i offentleglova og § 13 i forvaltningslova
- S 11.2/07 Oppnemning av gruppe som skal greia ut normeringa av nynorsk
- S 11.3/07 Svar frå styret på brev frå departementet 13. november

Leiaren ønskte velkommen. Det var sett opp tre saker.

Vedtakssaker

S 11.1/07 Sak unnateken offentlig innsyn etter § 13 i offentleglova og § 13 i forvaltningslova

S 11.2/07 Oppnemning av gruppe som skal greia ut normeringa av nynorsk

Sakspapir: Brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet frå 13. november 2007
Framlegg til ny rettskrivingsnemnd frå fagrådet for normering og språkobservasjon 14. desember 2007

Styret drøfta brevet frå departementet, som var svar på styrevedtaket den 13. september om å setja i gang arbeid med ei ny normering av nynorsk. Styret hadde hatt brevet til behandling på møtet den 22. november, der ein bestemte seg for å gå vidare med det førebuande arbeidet. I brevet bad departementet styret om å utsetja prosessen og elles ta omsyn til det som kjem til å stå om normeringsspørsmålet i stortingsmeldinga våren 2008.

Styret konkluderte med at ein ikkje var klar til å oppnemna gruppa på telefonmøtet, men at ein ville bruka tida fram til styremøtet i februar på saka. Om styret nemner opp gruppa den 25. februar, vil dette ikkje hindra at ein får rikeleg høve til å ta omsyn til det som kjem til å stå i stortingsmeldinga til våren. Prosessen skal jo halda fram vinteren 2009.

Vedtak: *Styret utset oppnemning til møtet i februar. Styreleiaren og direktøren lagar eit nytt framlegg til gruppesamansetnad.*

S 11.3/07 Svar frå styret på brev frå departementet den 13. november

Sakspapir: Utkast til brev sendt til styremedlemmene før møtet

Styret gjekk gjennom formuleringane og føreslo mindre endringar i brevutkastet. (Brevet gjekk i posten til departementet den 19. desember.)

Oslo, 25. februar 2008

Magni Øvrebotten
fungerande leiar

Sylfest Lomheim
direktør